

OED  
postmottak@oed.dep.no

30 September 2014

Dykkar ref.:

Vår ref.:

## HØYRINGSSVAR PÅ «ET BEDRE ORGANISERT STRØMNETT»

Rapporten vedr «et bedre organisert strømnett» seier at det ikkje er størrelse og antall selskap som er viktig, men at selskapa leverer det eigarar og kundar forventar. Dette er me samde i.

Dei fleste everk/nettselskap er i dag eigg av ein eller fleire kommunar med store krav til utbyte. Ein er difor avhengig av å driva verksemda så effektiv og lønsam som mogeleg. Ved eit funksjonelt eller selskapsmessig skilje vil små everk ikkje makta den same lønsemada fordi ein misser samordningsvinstar. Eit skilje vil, etter vår oppfatning, føra til meir tungvinte rutinar og dårlegare effektivitet.

I forhold til mogeleg kryss-subsidiering meiner me at det alt i dag er gode kontrollrutinar frå myndighetene (NVE) som forhindrar dette. Ei evt forbetring av desse må vera tilstrekkeleg. Viser også til høringsrunde for endringar i kontrollforskrifta som også er ute.

Dersom det er eit mål i seg sjølv å redusera antall everk/nettselskap bør dette avventast inntil ein evt ny kommunestruktur er på plass. Om kommunestrukturen vert endra tru me at det vil verta naturleg å sjå på ei samanslåing av kommunalt eigde energiverk/kraftselskap.

Rapporten meiner at ei endring frå 60/40 til 70/30 fordeling mellom normkostnadane og eigne kostnadane vil auke insitamentet for effektiv drift. Me meiner at NVE sine verktøy for å koma fram til normkostnader ikkje er gode nok slik som det er i dag.

Vidare meiner me at ei einsidig fokusering på effektivitet i nettselskap, og outsourcing av nettdrift slik som me ser det er ein trend for i dag, kan føra til at evna til å handtera kritiske beredskapssituasjonar vert svekka. Dette gjeld spesielt for nettselskap ute i distrikta.

Me støttar også høyringssvaret frå KS Bedrift.

Med helsing  
**KVAM KRAFTVERK AS**

.....  
Arne Tillung  
adm.dir.

.....  
Arne Berge